

SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS  
Postboks 24  
5401 STORD

**Vår dato:** 25.02.2025

**Vår ref.:** 202210762-12 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

## **Dammar Staffivatn - rehabilitering - godkjenner endring i Detaljplan for miljø og landskap**

Vi viser til dykkar søknad om godkjenning av endring i detaljplan for miljø og landskap for Dammar Staffivatn, datert 31.1.2025.

### **Vedtak**

#### **NVE godkjenner søknad om endring i detaljplan for miljø og landskap, datert 31.1.2025.**

Vi viser elles til vårt vedtak om godkjenning av opphavleg detaljplan for miljø og landskap, datert 1.12.2022, som utover endringa gjeld fullt ut.

Vilkår for godkjenninga

- Det må gjerast grundige vurderingar og utarbeidast gode planer for veglina for best mogeleg landskapsmessigg plassering. Utføringa må vidare skje på ein måte som sikrar best mogeleg landskapsmessig resultat.

Godkjenninga har heimel i løyve til overføring av øvre del av Eikemoelva til nedre del av Vetthusvatnet gitt ved kgl.res av 22.6.2011. post nr 7.

Vi viser elles til vårt vedtak om godkjenning av opphavleg detaljplan for miljø og landskap for rehabiliteringa av Damanlegga ved Staffivatn, datert 1.12.2022 som utover endringa gjeld fullt ut og som omhandlar ei rekkje forhold som òg er relevant for dette vedtaket.

### **Vår handsaming av søknaden**

NVE godkjente opphavleg detaljplan for miljø og landskap for rehabiliteringa av Damanlegga ved Staffivatn i vårt vedtak datert 1.12.2022.


NVE registrerer i hovudsak tre endringar, kort summert slik:

- Endra vegtilkomst til anleggsområde og endring frå mellombels til permanent
- Massedeponi ved Røytehølen vert flytta til ein dels opparbeidd område langs Blådalsvegen lengre sør
- Utvida arealgrense i magasinet




NVE drøfta endra vegtilkomst med Statsforvaltaren ved Eyvind Sølsnes 19.12.2024 og vi var samde i at det ikkje var trong for høyring av endringa, men at det måtte gjerast ei vurdering av biologisk mangfald for ny vegtilkomst sidan dette omfatta ny arealbruk. Multiconsult har gjort ei vurdering av biologisk mangfald for endringane og vurdert denne mot opphavleg løysing og skriv mellom anna slik: *Opprinnelig skulle anleggsveien gå over myra vest for anlegget. I detaljplanen for miljø og landskap er dette angitt som «alternativ 2», med en strekning på 600 m. Dette ville gitt et langt større arealbeslag enn det nye alternativet for anleggsvei og ville gått over ei myr. Det er mulig at en slik vei ville krevd utgraving av myra, som ville hatt negativ effekt på både klima og naturmangfold. Endringen vurderes vesentlig bedre for påvist biologisk mangfold, med de usikkerheter som er nevnt. Data- og kunnskapsgrunnlaget ville hatt vesentlig mindre usikkerhet dersom det ble gjennomført en befaring av området. Det er lagt vekt på at det forrige alternativet trolig ville ha påvirket det biologiske mangfoldet mer negativt.*

NVE oppfattar at det ikkje er funn i Multiconsult sin rapport som tilseier at endringane fell negativt ut. Det er snarare NVE si vurdering at ein ved desse endringane har enda på ei løysing der ein unngår inngrep i myr, og som samla sett gir vesentleg mindre arealbeslag,



**Figur 1: Opphavleg godkjent plan**



**Figur 2: Revidert plan**

Figurane ovanfor viser hovudsaklege endringar i vegtilkomst frå opphavleg plan med vegtilkomst over myrområde til eit meir komprimert inngrepsområde i revidert plan. NVE oppfatar dei to andre endringane som marginale. Heile planmaterialet for endringane ligg ved.

### **Vurderingar etter naturmangfaldlova**

Naturmangfaldlova § 7 set krav om at alle myndigheiter som forvaltar eller tek avgjerder som har verknader for naturen, er plikta å vurdere tiltaka opp mot relevante reglar i lova.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effektar av eventuelle påverkingar, er basert på den informasjonen de har lagt fram i detaljplanen, verksemda si vurdering av biologisk mangfald, og våre erfaringar. Vi har søkt i Naturbase og Artskart den 24.2.2025, i tillegg til verksemda si vurdering av biologisk mangfald, utan nemnande funn. Vi har tilstrekkelig grunnlag til å vurdere tiltaket og verknadene det har på det biologiske mangfaldet. Kravet til kunnskapsgrunnlag etter naturmangfaldlova § 8 er oppfylt.

Vi viser elles til vårt vedtak datert 2.12.2022, der vurderingane for tiltaket elles er vurdert.

### **Grunngjeving for særskilde godkjenningvilkår**

Ny veg ligg noko bratt og kupert til og planen har etter måten lite spesifikk beskriving av den endelege vegen sitt landskapsarkitektoniske sluttresultat, noko som er sær viktig i eit mykje nytta område. NVE vil under inspeksjon legge stor vekt på at vegframføringa og det endelege resultat er best mogeleg. Vi har funne grunn til å sette vilkår knytt til dette.

### **Forhold som de må avklare før arbeida kan ta til**

#### **Plan- og bygningslova**

De må avklare med kommunen om tiltaket må ha dispensasjon frå gjeldande arealplan. Dette fordi det må vere i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og gjeldande



reguleringsplanar. Dette gjeld sjølv om tiltaket har fått konsesjon, og dermed er unnateke frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova, jf. forskrift om byggesak (FOR 2010-03-26-488 - byggesaksforskrifta) § 4-3 første ledd.

De må og syte for at tiltaket blir gjennomført i samsvar med plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter. Dette gjeld særleg reglane i plan- og bygningslova om tekniske krav (§ 29-5), og krav til produkt til byggverk (§ 29-7) med tilhøyrande delar av byggteknisk forskrift. Desse gjeld så langt dei passar for tiltaket.

### **Høve til å klage**

De kan klage på vedtaket, sjå orientering om rett til å klage på siste side.

Med helsing

Kristian Markegård  
direktør

Mari Hegg Gundersen  
seksjonssjef

*Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar*



## Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	<p>Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket.</p> <p>Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.</p>
Du kan få grunngjeving for vedtaket	<p>Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.</p>
Kva skal med i klagen?	<p>Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>• Skrive kva for eit resultat du ønsker.</li><li>• Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen.</li></ul> <p>I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.</p>
Du kan få sjå dokumenta i saka	<p>Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.</p>
Vilkår for å gå til domstolane	<p>Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av ED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.</p>
Sakskostnader	<p>Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.</p>
Kven kan klage på vedtaket?	<p>Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.</p>
Kvar skal du sende klagen?	<p>Du må adressere klagen til Energidepartementet (ED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: <a href="mailto:nve@nve.no">nve@nve.no</a>.</p> <p>NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.</p>

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.



**Mottakarliste:**

SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS

**Kopimottakarliste:**

KVINNHHERAD KOMMUNE

SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS - Sture Karlsen

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE